

Arkivnr: 2018/12901-8

Saksbehandlar: Solveig Lohne Rongved, David Aasen Sandved

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		04.12.2018

**Øyremerking av tilskotsmidlar - Lyssetjing av bergkunst i Kvam kommune****Samandrag**

På Vangdal i Kvam herad ligg det ein større bergkunstlokalitet tett ved ein rasteplass ved Nasjonal turistveg Hardanger. Hordaland fylkeskommune, Statens Vegvesen, Universitetsmuseet i Bergen, Kvam herad og grunneigar samarbeider om eit prosjekt for lyssetjing av bergkunsten for å leggja denne betre til rette for publikum. Ved å bruka skråstilt lys kjem bergkunsten tydeleg fram på ein måte som er visuelt spennande og skånsam for kulturminnet. Prosjektet vil skilja seg ut som noko unikt i Hordaland, og det er få tilsvarande prosjekt på landsbasis.

Riksantikvaren har to bevaringsprogram knytt til tilrettelegging, formidling og skjøtsel av arkeologiske kulturminne; Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) og Bevaringsprogram for Bergkunst (BERG). Ved søknad til Riksantikvaren for tilskot gjennom BARK eller BERG vil fylkeskommunale midlar løyse ut tilsvarande sum i statlege midlar. I sak 95/2015 vedtok Fylkestinget å setje av kr 200.000,- årlig til arbeidet med BARK.

Skiljet mellom BARK og BERG er eit praktisk grep knytt til finansiering. Kulturminna er likevel likestilt når det gjeld evna til å fanga lokal interesse og skapa opplevingar, spenning og kunnskap om fortida. Ofte er det nettopp bergkunstlokalitetar som er lokalt prioritert som viktige kulturminne. Prosjektet med lyssetjing av bergkunsten på Vangdal vil vera velegna til å formidla spenning og kunnskap om forhistoria. Ved omdisponering av BARK-tilskot kan midlane nyttast som eigeninnsats for ein søknad om tilskot gjennom BERG og Hordaland fylkeskommune vil kunne prioritera gjennomføring av prosjekt lyssetjing av bergkunst på Vangdal i samarbeid med Statens Vegvesen, Universitetsmuseet i Bergen, Kvam herad og grunneigar.

<b>Generelt</b>	
Budsjett 2018	200.000,-
Vedtatt budsjettmidlar	<a href="#">PS 95/2015</a> i Fylkestinget
Søknadsfrist	Ikkje relevant
Tal prosjekt som er tilrådd stønad	1 prosjekt

### **Forslag til vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling omdisponerer kr. 200.000,- over budsjettpost 400.650. «Tilskot til skjøtsel og formidling av automatisk freda kulturminne – BARK» til prosjekt som kan søkja statleg tilskot gjennom bevaringsprogram for bergkunst – BERG.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 200.000,- over budsjettpost 400.650. «tilskot til skjøtsel og formidling av automatisk freda kulturminne – BARK» til prosjekt for lyssetjing av bergkunst på Vangdal i Kvam herad.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Rapport lyssetjing bergkunst utarbeidd av Kyndill AS

**Fylkesrådmannen, 12.11.2018****Kulturminnet**

På Vangdal i Kvam herad ligg det ein bergkunstlokalitet med ristningar frå steinalder og bronsealder. Helleristningane er særskild flotte. Eit stort hjortedyr og ein stor elg er markante trekk på bergflata, og her er fleire andre figurar. På eit anna felt på berget er det fleire båtfigurar. Lokaliteten ligg tett ved Nasjonal Turistveg Hardanger Fv. 49, og stien til kulturminnet går frå ein rasteplass ved turistvegen. Bergkunsten er tilrettelagt med rampe og ein enkel sti ned til bergflata, og det står eit skilt på rasteplassen. Denne tilrettelegginga vart laga til på 1990-talet, og er i dag slitt. Det er i tillegg store problem med at det tidvis vert gjort hærverk på bergflata. Stien er bratt og grus vert vaska nedover skråninga ved regnvær og legg seg over lokaliteten og rampa, og rampa er glatt i regnvær og byrjar verte gamal. Hordaland fylkeskommune har i samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen difor hatt fokus på denne lokaliteten dei siste åra, og freista finna ei løysing for betre drift av tilrettelegginga.

**Prosjektet**

Helleristningar er ein type kulturminne mange tykkjer er spennande, og det er ofte stort lokalt engasjement for slikt prosjekt. Likevel er det utfordringar knytt til formidlinga av bergkunstlokalitetar. Dette er sårbare kulturminne som er utsett for slitasje eller skade ved at folk teiknar «nye» helleristningar på berget. Det er utfordringar knytt til synleggjering av kulturminna og tilrettelegging av tilkomst i eit ofte bratt terreng. Ristningane i berget er ofte vanskelege å sjå og tidlegare vart difor helleristningar måla opp med raud maling for å gjera ristningane meir synlege. Dette er ikkje lenger praksis. Helleristningar er best synlege i skrått lys, som ved låg vintersol eller med lykt i mørket. Det er difor slik at ein må oppsøkje ristningane på rett tidspunkt. Ved å montera lys som viser helleristningane gjer ein eit poeng ut av dette, og synleggjer ristningane på ein ny og spennande måte som er skånsam for kulturminnet.

I 2017 vart Hordaland fylkeskommune kontakta av Turistvegkontoret ved Statens Vegvesen som inviterte til eit samarbeid knytt til tilrettelegging av kulturminne i tilknytning til rasteplassar ved turistvegar i Hardanger. Vangdal var ein av to lokalitetar som klårt peika seg ut som aktuell i høve til dette arbeidet. Våren 2018 tok Universitetsmuseet i Bergen til med eit forprosjekt med tanke på lyssetjing av bergkunst i Hordaland, og Fylkeskonservatoren var invitert med i dette arbeidet. Også gjennom dette prosjektet peika Vangdal seg klårt ut som eit godt prosjekt. At det her var mogleg å knyta prosjektet til turistvegane, praktiske omsyn som parkering og tilgang til straum, typen kulturminne, godt samarbeid med grunneigar og positiv respons frå Kvam herad førte samla til at det var semje mellom Statens Vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Universitetsmuseet i Bergen om at ein ynskte å satsa på dette prosjektet.

Universitetsmuseet i Bergen hyra inn lysdesignselskapet Kyndill AS til gjennomføring av eit forprosjekt. Det er gjennomført fleire synfaringar og møter i løpet av 2018 for å avklara korleis arbeidet kan løysast. Målet er ei full opprusting av tilrettelegginga der både rasteplassen, tilkomsten til kulturminnet og formidlinga av dette er inkludert. 16. oktober 2018 vart det gjennomført ei synfaring på staden som grunnlag for vidare planlegging. Dette inkluderte oppmåling av sti og terrengprofil for å søkje å tilretteleggja stien betre. Full universell tilkomst er ikkje mogleg å oppnå grunna den store stigninga, men ein vil streva etter å gjera tilrettelegginga tilgjengeleg for så mange som mogleg gjennom å flata ut stiprofilen noko, leggje inn trapper med håndløpar for å ta inn noko av stigninga, og setje opp benk om lag midtvegs for å tilby kvile for dei som måtte ha trong til dette. Stien ned til bergkunsten skal lyssetjast med diskre lys slik at det er lett og trygt å ta seg ned til lokaliteten i mørket utan at ein treng ha med eiga lykt. Lyset skal vera fokusert på stien slik at det ikkje øydelegg nattesynet. Nytt skilt på parkeringsplassen vil vera i fylkeskommunen sin mal for kulturminneskilt, men montert på Statens Vegvesen sine skiltstativ for rasteplassar ved turistveg slik at formidlinga på staden framstår som samla og einsarta.



Bilete frå testlysetjing av bergkunsten. Foto: Kyndill

Lysdesignselskapet Kyndill AS har testa ut lysetjing av bergkunsten for å finna den beste løysinga for denne lokaliteten. Resultata var svært vellukka. Selskapet vil òg sjå på lysetjing av stien ned til bergkunsten. Denne lysetjinga skal vera funksjonell men òg spennande. Kyndill AS har utarbeidd eit konseptframlegg basert på synfaringane og dei drøftingane som tidlegare har vore gjort om kva som kan eigna seg for formidling av denne lokaliteten. Til dømes er det aktuelt å ha ei særskild lysetjing ved starten av stien for å markera inngangen til denne, der ein nyttar lys til å projisera ei helleristing på bakken. Dette er òg aktuelt å gjera ved utvalgte stader langs stien. Ved sjølv bergkunsten vil det verte nytta farga lys frå to vinklar slik at ristningane vil verte synlege gjennom skuggar på berget. Detaljane i framlegget må drøftast nærare med Kvam herad, grunneigar og Statens Vegvesen med tanke på vedlikehald, finansiering og kva som er gjennomførbart i høve til kulturminnet og forholda på staden. Utgangspunktet er så langt solid og inneheld ei rekkje gode idear. Det er primært lysetjinga av stien som kan verte endra noko. Rapporten ligg vedlagt.

#### **Tilskotsmidla**

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) er eitt av dei nasjonale bevaringsprogramma for vern av kulturminne. For BARK har Hordaland fylkeskommune valgt å lysa ut tilskotsordninga og la kommunane søkja via fylkeskommunen. I sak 95/2015 vedtok Fylkestinget å setje av kr 200.000,- årleg til arbeidet med BARK. Ved søknad til Riksantikvaren vil desse midla løyse ut tilsvarande sum i statlege midlar.

Bergkunstlokalitetar er òg å rekna som arkeologiske kulturminne, men då slike kulturminne ofte har særskilte behov er det oppretta eit eige bevaringsprogram; Bevaringsprogram for Bergkunst (BERG). Bergkunst er sårbar og det må visast særlege omsyn under skjøtsel. Det er òg eit større behov for overvaking av slike kulturminne. BERG-ordninga er difor ikkje lyst ut på same måte som BARK. Sjølv om lokal forankring og samarbeid med kommune, lokale lag og grunneigar er avgjerande òg i desse sakene, må kulturminneforvaltninga ha ei sterkare rolle for å sikra tryggleiken til kulturminna. I slike saker vil det òg alltid vera eit tett samarbeid med universitetsmuseet i Bergen.

## Konklusjon

Denne typen lyssetjing av bergkunst er gjort berre nokre få gonger tidlegare i Noreg. Det er to tilsvarande prosjekt på austlandet, men korkje i Hordaland eller andre stader på Vestlandet har ein noko tilsvarande. Prosjektet vil vera viktig ikkje berre for formidling av kulturminne men òg i høve til turistvegane og reiseliv i området. Prosjektet vil representere noko heilt særskild, og ei ny form for formidling av kulturminne der ein ved å nytta moderne metodar kan synleggjera kulturminna på same måten som var tiltenkt i forhistoria, men med ein moderne vri.

Lyssetjinga av bergkunsten er estimert til å ha ein kostnad på omlag 430.000,-. Denne summen inkluderer ikkje tilrettelegging av stien ned til bergkunsten, eller opprusting av rampa. Denne kostnaden vert estimert av Statens Vegvesen gjennom prosjektering av arbeidet. Finansiering av prosjektet vil skje gjennom

- Tilskot løyvd av Hordaland fylkeskommune, og dei statlege tilskotsmidlar dette vil løysa ut som eigenandel for tilskot gjennom Bevaringsprogram for Bergkunst (BERG)
- Samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen og deira søknad om tilskot
- Samarbeid med Statens Vegvesen knytt til opprusting av rasteplassen

Dei fylkeskommunale midla er øymerka til BARK, men skiljet mellom BARK og BERG er eit praktisk grep knytt til finansiering og ei vedkjenning av at bergkunst er særleg sårbar. I mange kommunar er det nettopp bergkunstlokalitetar som er dei arkeologiske kulturminna som er lokalt prioritert og som kommunen ynskjer å satsa på. Einaste skilnaden i gjennomføring mellom desse prosjekta og prosjekt under BARK er at fylkeskommunen har ei meir styrande rolle. Dette er naudsynt for å sikra tryggleiken til kulturminna, men det er òg naturleg ettersom prosjekta skjer i tett samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen. Difor tar fylkeskommunen ei koordinerande rolle for å sikra god dialog mellom grunneigar, kommune, og regionalt og nasjonalt forvaltningsnivå. Eigarskapet og engasjementet i kommunen er like viktig i prosjekt gjennom BERG som det er gjennom BARK, og BERG prosjekt er like eigna som BARK til å skapa interesse, opplevingar og spenning knytt til kulturminne.

Fylkesrådmannen vil tilrå at tilskotet på kr. 200.000,- som er satt av over budsjettpost 400.650. som «tilskot til skjøtsel og formidling av automatisk freda kulturminne – BARK» vert omdisponert og øymerka prosjekt lyssetjing av bergkunst på Vangdal. Tilskotet vil verte nytta som eigenfinansiering i ein søknad til Riksantikvaren gjennom tilskotsordninga BERG, og vil løysa ut tilsvarande statlege midlar. Prosjektet vil verte gjennomført i samarbeid med Statens Vegvesen, Universitetsmuseet i Bergen, Kvam herad og grunneigar.